



MØTEPROTOKOLL

Utval: Formannskapet
Møtestad: Voldsfjorden, Volda rådhus
Dato: 13.03.2018
Tid: 12:00

Faste medlemmer som møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Jørgen Amdam	Leiar	AP
Odd Harald Sundal	Medlem	SP
Sølvi Dimmen	Medlem	SP
Gunnar Strøm	Medlem	SV
Margrete Bjerkvik	Medlem	KRF
Anders Egil Straume	Medlem	KRF
Dan Helge Bjørneset	Medlem	H

Faste medlemmer som ikkje møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Fride Schjølberg Sortehaug	Nestleiar	V
Odd Arne Folkestad	Medlem	FRP

Varamedlemmer som møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
Roald Arnold Espset	Odd Arne Folkestad	FRP
Uthman Suheil Rajeh Abu Harbid	Fride Schjølberg Sortehaug	AP

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Rune Sjurgard	Rådmann
Kari Mette Sundgot	Økonomisjef OS 29/18
Inger-Johanne Johnsen	Sektorsjef kultur og service OS 29/18
Per Ivar Kongsvik	Oppvekstsjef OS 29/18
Berit Lyngstad	Personalsjef OS 29/18
Jørgen Vestgarden	Utviklingssjef OS 29/18
Rune Totland	Teknisk sjef OS 29/18, PS 38/18, PS 39/18, PS 40/18 og PS 41/18
Per Heltne	Planleggar PS 35/18
Regine Solberg Aklestad	Planleggar PS 36/18
Lars Fjærvold	Ingeniør teknisk sektor PS 38/18
Edvin Løfoll	Ingeniør teknisk sektor PS 48/18
Asbjørn Moltudal	Rådgjevar OS 29/18
Per Magnussen	Sakshandsamar Ørsta og Volda landbrukskontoret PS 37/18

Nestleiar i tenesteutval for oppvekst og kultur Per Svein Krøvel møtte i sak OS 29/18.



SAKLISTE

Saksnr.	Sak
PS 33/18	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 34/18	Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte
OS 29/18	Rekneskap 2017. Budsjett 2018 - status tiltak innsparing, struktur og digitalisering
PS 49/18	Kjøp av tomt - Haslevegen 3
PS 37/18	Reduksjon av minsteareal for jakt på hjort i kommuna
PS 48/18	Midlertidig og permanent reduksjon av tilleten totalvekt på Håskjoldvegen – Ytrestøylen
PS 35/18	Planid. 2014004 - Detaljreguleringsplan Urbakkfoten. Klage over reguleringsvedtak.
PS 36/18	Bygningsmiljø og estetisk rettleiar – vedtak
PS 38/18	Framlegg til "Hovudplan for vatn og avløp med del om vassmiljø 2017-2027"
PS 39/18	Flaumtilpasningstiltak i Melshornsida, alternative tiltak og finansiering av desse
PS 40/18	Politisk prioritering av investeringsprosjekt
PS 41/18	Utbetring Botnavegen Sak om tilleggsløyving eller reduksjon i prosjektomfang
PS 42/18	Mandat - planlegging av kino og kulturhus i Volda sentrum
PS 43/18	Designvegen Sykkylven-Stryn - økonomisk støtte til deltagelse i prosjekt
PS 44/18	Næringsfondet(kraft)- Årsrapport 2017
PS 45/18	Dekking av kostnader ved skredfarevurdering
PS 46/18	Søknad om støtte til eit regionalt 8. mars arrangement
PS 47/18	Orienteringssaker



VOLDA KOMMUNE

- OS 30/18 **Ny utlysning av riksvegssambandet Volda-Folkestad - Ny ferje og nye ruter frå 010120**
- OS 31/18 **Referat styremøte Søre Sunnmøre IKT nr 1-2018**
- OS 32/18 **Høyring - Borgundfjord og Veddemarkstunnen – Reguleringsforslag**
- OS 33/18 **Presentasjon Rute 6 c: Rv 15 Måløy-Otta**
- OS 34/18 **Møre og Romsdal fylkeskommune - Dei Nynorske festspela har fått innvilga treårig driftstilskot for 2018**
- OS 35/18 **Presentasjon Oddbjørn Vassli - "Fleire statlege arbeidsplassar i Møre og Romsdal"**
- OS 36/18 **Høyring - omfanget av leveringspliktige posttenester - Høyringsfrist 06.04.2018**
- OS 37/18 **Human-Etisk Forbund Søre Sunnmøre - Tilgjengelege livsynslokale for alle**
- OS 38/18 **Offentleg tannhelseteneste - oppretthalding av tilbod**

PS 33/18 Godkjenning av innkalling og sakliste

Handsaming:

Innkalling

Ettersendte dokument 12.03.2018:

- PS 48/18 Midlertidig og permanent reduksjon av tilleten totalvekt på Håskjoldvegen-Ytrestøylen
- OS 38/18 Offentleg tannhelseteneste – oppretthalding av tilbod

Det var ingen merknader til innkallinga.

Sakliste

Ordføraren kom med framlegg om å sette dei ettersendte sakene på saklista og ei sak om tomtekjøp. Ordføraren bad om at saka om tomtekjøp vert sett på saklista etter OS 29/18 og at møtet vert lukka under handsaming av saka, med heimel i kommunelova § 31 nr.5.



VOLDA KOMMUNE

Rådmannen informerte om at kommunen har vunne rettsaka mot Prosjektbygg AS. Saka omhandla avlysing av anbodskonkurranse EPC-prosjektet for Ivar Aasen-huset på høghskulen i Volda.

Gunnar Strøm bad om at ein sett eit sluttidspunkt for formannskapsmøta.

Røysting:

Saklista, med tillegg frå ordføraren, vart samrøystes godkjent.

PS 34/18 Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte

Handsaming:

Røysting:

Møteprotokollen frå sist møte den 27.02.2018 vart samrøystes godkjent.

OS 29/18 Rekneskap 2017. Budsjett 2018 - status tiltak innsparring, struktur og digitalisering

Handsaming:

Nestleiar i tenesteutval for oppvekst og kultur, Per Svein Krøvel, møtte.

Personalsjef Berit Lyngstad, Service- og kultursjef Inger-Johanne Johnsen, oppvekstsjef Per Ivar Kongsvik, teknisk sjef Rune Totland, utviklingssjef Jørgen Vestgarden, ass. rådmann Asbjørn Moltudal og hovudtillitsvalt Sirikit Vågen var til stades under handsaminga av saka.

Økonomisjef Kari Mette Sundgot og rådmannen orienterte om rekneskap 2017 og budsjett 2018 – status tiltak innsparring, struktur og digitalisering.

Formannskapet drøfta saka og kom med innspel til administrasjonen.

PS 49/18 Kjøp av tomt - Hasleveggen 3

Handsaming:

Ordføraren kom med framlegg om å lukke møtet, med heimel i kl. § 31 nr. 5 og offl. § 23.3.

Det vart samrøystes vedteke å lukke møtet.

Rådmannen orienterte om eigeedom Hasleveggen 3 er lagt ut for sal og at eigeedom har verdi som utviklingsareal for Volda kommune.



VOLDA KOMMUNE

Ordføreren kom med slikt framlegg:

Formannskapet gir fullmakt til å gi bod på Haslevegen 3 i Volda. Finansiering av ev. kjøp vert å kome attende til.

Røysting:

Framlegget frå ordføreren vart samrøystes vedteke.

Vedtak i formannskapet - 13.03.2018:

Formannskapet gir fullmakt til å gi bod på Haslevegen 3 i Volda. Finansiering av ev. kjøp vert å kome attende til.

Det vart samrøystes vedteke å opne møte, jf. kl. § 31 nr. 5.

PS 37/18 Reduksjon av minsteareal for jakt på hjort i kommuna

Tilråding i Forvaltningsutvalet - 06.03.2018:

På vegne av forvaltningsutvalet gjer Volda kommunestyre vedtak om forskrift om jakt etter hjort og minsteareal i Volda kommune.

§ 1. Det er tillate å jakte etter hjort i Volda kommune.

§ 2. Minsteareal for godkjenning av vald, fellingsløyve og grunnlag fordeling av fellingskvote er 400 da for heile kommunen.

§ 3. Forskrifta trer i kraft straks. Denne forskrifta opphevar frå same tidspunkt fastsett minsteareal for Volda kommune i forskrift 1. april 2002 nr 334 om høve til jakt etter elg, hjort og rådyr.

Fastsett av Volda kommune med heimel i lova av 29. mai 1981 nr. 38 om jakt og fangst av vilt (viltloven) § 16 og forskrift 22. mars 2002 nr 314 om forvaltning av hjortevilt §§ 5 og 6.

Handsaming:

Sakshandsamar Peder Magnussen, Ørsta og Volda landbrukskontor, møtte og svara på spørsmål frå formannskapet.

Ordføreren kom med slikt tillegg:

Vedtaket er gjort med heimel i kommunelova § 13.

Røysting (ni røysteføre):

Tilrådinga frå forvaltningsutvalet, med tillegg frå ordføreren, vart samrøystes vedteken.



VOLDA KOMMUNE

Vedtak i formannskapet - 13.03.2018:

På vegne av forvaltningsutvalet gjer Volda kommunestyre vedtak om forskrift om jakt etter hjort og minsteareal i Volda kommune.

§ 1. Det er tillate å jakte etter hjort i Volda kommune.

§ 2. Minsteareal for godkjenning av vald, fellingsløyve og grunnlag fordeling av fellingskvote er 400 da for heile kommunen.

§ 3. Forskrifta trer i kraft straks. Denne forskrifta opphevar frå same tidspunkt fastsett minsteareal for Volda kommune i forskrift 1. april 2002 nr 334 om høve til jakt etter elg, hjort og rådyr.

Fastsett av Volda kommune med heimel i lova av 29. mai 1981 nr. 38 om jakt og fangst av vilt (viltloven) § 16 og forskrift 22. mars 2002 nr 314 om forvaltning av hjortevilt §§ 5 og 6.

Vedtaket er gjort med heimel i kommunelova § 13.

PS 48/18 Midlertidig og permanent reduksjon av tilleten totalvekt på Håskjoldvegen - Ytrestøylen

Vedtak i Forvaltningsutvalet - 06.03.2018:

Håskjoldvegen og Ytrestøylen får innført redusert totalvekt i perioden mars – juni til maksimalt 30tonn tilleten totalvekt. Dette gjeld frå kryss mot vegen Furene, til RV 653, Eiksundvegen. Den same strekningen får endra vegklasse permanent til BK8, med tillaten totalvekt 32tonn. Dette vert meldt inn til nasjonale veglister.

Handsaming:

Saka vart ettersendt 12.03.18.

Sakshandsamar Edvin Løfoll orienterte.

Ordføraren kom med slik endring av første setning av tilrådinga frå forvaltningsutvalet:

Håskjoldvegen og Ytrestøylen får innført redusert aksellast i perioden mars – juni til maksimalt 8 tonn. Dette er i samsvar med vegklasse BK8.

Ordføraren kom med slikt tillegg:

Saka hastar for å unngå skade på denne kommunevegen. Vedtaket er derfor gjort med heimel i kommunelova § 13.

Røysting (ni røysteføre):

Tilrådinga frå forvaltningsutvalet, med tillegg frå ordføraren, vart samrøystes vedteken.



VOLDA KOMMUNE

Vedtak i formannskapet - 13.03.2018

Håskjoldvegen og Ytrestøylen får innført redusert aksellast i perioden mars – juni til maksimalt 8 tonn. Dette er i samsvar med vegklasse BK8. Dette gjeld frå kryss mot vegen Furene, til RV 653, Eiksundvegen. Den same strekninga får endra vegklasse permanent til BK8, med tillaten totalvekt 32tonn. Dette vert meldt inn til nasjonale veglister.

Saka hastar for å unngå skade på denne kommunevegen. Vedtaket er derfor gjort med heimel i kommunelova § 13.

PS 35/18 Planid. 2014004 - Detaljreguleringsplan Urbakkfoten. Klage over reguleringsvedtak.

Administrasjonen si tilråding:

Formannskapet finn ikkje at det i klagene er kome fram nye moment som ikkje er vurdert tidlegare i planprosessen, og som gir grunn til endra haldning til saka.

Kommunen held fast på sitt vedtak i sak PS 122/17 frå møte den 30.11.2017.

Saka vert å sende Fylkesmannen i Møre og Romsdal for vidare handsaming av klage.

Handsaming:

Planleggar Per Heltne orienterte.

Røysting (ni røysteføre):

Tilrådinga for administrasjonen vart samrøystes vedteken.

Vedtak i formannskapet - 13.03.2018:

Formannskapet finn ikkje at det i klagene er kome fram nye moment som ikkje er vurdert tidlegare i planprosessen, og som gir grunn til endra haldning til saka.

Kommunen held fast på sitt vedtak i sak PS 122/17 frå møte den 30.11.2017.

Saka vert å sende Fylkesmannen i Møre og Romsdal for vidare handsaming av klage.



VOLDA KOMMUNE

PS 36/18 Bygningsmiljø og estetisk rettleiar - vedtak

Tilråding i Forvaltningsutvalet - 06.03.2018:

Kommunestyret tek dokumentet «Bygningsmiljø og estetisk rettleiar Volda sentrum», datert 15.02.2018 til vitende, og ber om at dokumentet vert lagt til grunn for arbeidet med kommuneplanen sin arealdel 2018–2030.

Handsaming:

Planleggar Regine Aklestad møtte under handsaminga av saka.

Røysting (ni røysteføre):

Tilrådinga frå forvaltningsutvalet vart samrøystes vedteken.

Tilråding i formannskapet - 13.03.2018 til kommunestyret:

Kommunestyret tek dokumentet «Bygningsmiljø og estetisk rettleiar Volda sentrum», datert 15.02.2018 til vitende, og ber om at dokumentet vert lagt til grunn for arbeidet med kommuneplanen sin arealdel 2018–2030.

PS 38/18 Framlegg til "Hovudplan for vatn og avløp med del om vassmiljø 2017-2027"

Administrasjonen si tilråding:

1. Med heimel i plan-og bygningslova §11-14 vert kommuneplan vert «Hovudplan for vatn og avløp med del om vassmiljø 2017-2027» godkjent i samsvar med vedlagte forslag til plan.
2. Tiltak vert prioritert i samanheng med budsjett og økonomiplan. Administrasjonen legg fram årleg framdriftsplan for VA-tiltaka til forvaltningsutvalet innan 1. mars, i 2018 innan 1. mai. Framdriftsplanen skal vere basert på ressurskartlegging og ressursplanlegging for å nå dei prioriterte tiltaka. Oppfølging av framdriftsplanen skal rapporterast etter rutinene (vedtakslogg og tertialrapportering).
3. Planen skal reviderast av administrasjonen kvart år, med orientering til formannskapet. Kvart fjerde år skal heile planen reviderast og godkjennast i kommunestyret. Det skal då kome klart fram måloppnåing i høve dei oppsette mål og tiltak i planen.

Handsaming:

Sakshandsamar Lars Fjærvold orienterte.



Røysting (ni røysteføre):

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

Tilråding i formannskapet - 13.03.2018 til kommunestyret:

- 1. Med heimel i plan-og bygningslova §11-14 vedtek kommunestyret kommunedelplan «Hovudplan for vatn og avløp med del om vassmiljø 2017-2027» godkjent i samsvar med vedlagte forslag til plan.*
- 2. Tiltak vert prioritert i samanheng med budsjett og økonomiplan. Administrasjonen legg fram årleg framdriftsplan for VA-tiltaka til forvaltningsutvalet innan 1. mars, i 2018 innan 1. mai. Framdriftsplanen skal vere basert på ressurskartlegging og ressursplanlegging for å nå dei prioriterte tiltaka. Oppfølging av framdriftsplanen skal rapporterast etter rutinene (vedtakslogg og tertialrapportering).*
- 3. Planen skal reviderast av administrasjonen kvart år, med orientering til formannskapet. Kvart fjerde år skal heile planen reviderast og godkjennast i kommunestyret. Det skal då kome klart fram måloppnåing i høve dei oppsette mål og tiltak i planen.*

PS 39/18 Flaumtilpasningstiltak i Melshornsida, alternative tiltak og finansiering av desse

Administrasjonen si tilråding:

- 1. Kommunestyret syner til saksutgreiinga og ber administrasjonen med nødvendige atterhald om finansiering mv innhente anbod på utbygging av flaumtilpasningstiltak i Melshornsida i Volda sentrum.*
- 2. Kommunestyret syner til finansieringsramma i budsjett- og økonomiplanen. Anboda vert innanfor rammene i innkjøpsregelverket organisert slik at kommunestyret kan godkjenne samla utbygging eller trekkje ut tiltak eller opsjonar innanfor finansieringsramma i gjeldande økonomiplan.*
- 3. Kommunestyret ber administrasjonen orientere formannskapet før utlysing av anbudet.*

Handsaming:

Teknisk sjef Rune Totland var til stades under handsaming av saka.

Røysting (ni røysteføre):



VOLDA KOMMUNE

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

Tilråding i formannskapet - 13.03.2018 til kommunestyret:

- 1. *Kommunestyret syner til saksutgreiinga og ber administrasjonen med nødvendige atterhald om finansiering mv innhente anbod på utbygging av flaumtilpasningstiltak i Melshornsida i Volda sentrum.***
- 2. *Kommunestyret syner til finansieringsramma i budsjett- og økonomiplanen. Anboda vert innanfor rammene i innkjøpsregelverket organisert slik at kommunestyret kan godkjenne samla utbygging eller trekkje ut tiltak eller opsjonar innanfor finansieringsramma i gjeldande økonomiplan.***
- 3. *Kommunestyret ber administrasjonen orientere formannskapet før utlysing av anbodet.***

PS 40/18 Politisk prioritering av investeringsprosjekt

Administrasjonen si tilråding:

Kommunestyret tek saka til vitende.

Handsaming:

Rådmannen og teknisk sjef orienterte.

Røysting (ni røysteføre):

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

Tilråding i formannskapet - 13.03.2018 til kommunestyret:

Kommunestyret tek saka til vitende.

PS 41/18 Utbetring Botnavegen

Sak om tilleggsøyving eller reduksjon i prosjektomfang

Administrasjonen si tilråding:

Saka vart lagt fram utan tilråding.



VOLDA KOMMUNE

Handsaming:

Odd Harald Sundal reiste spørsmål om habilitet, han er i nær slekt med ein av grunneigarane lags vegen, jf. fvl. § 6. 1.l. b. Han tok ikkje del i handsaminga og røystinga over spørsmål om habilitet.

Røysting habilitet:

Odd Harald Sundal vart samrøystes kjent inhabil.

Teknisk sjef orienterte.

Ordføraren kom med slikt framlegg:

Kommunestyret vedtek å ta ut asfalt frå Nymark til Botnsanden, elles vert prosjekt Botnavegen fullført som planlagt.

Røysting (åtte røysteføre):

Framlegget frå ordføraren vart samrøystes vedteke.

Tilråding i formannskapet - 13.03.2018 til kommunestyret:

Kommunestyret vedtek å ta ut asfalt frå Nymark til Botnsanden, elles vert prosjekt Botnavegen fullført som planlagt.

Odd Harald Sundal tok sete.

PS 42/18 Mandat - planlegging av kino og kulturhus i Volda sentrum

Administrasjonen si tilråding:

1. Den kommunale byggjenemnda får i oppdrag å utarbeide romprogram og skisseprosjekt for kino og kulturhus i tilknytning til Volda samfunnshus. Arealet kan, om ein ser trong om det også omfatte «Barnepark-tomta» og «Driveklepphus-tomta»
2. Arbeidet skal inkludere lokalitetane i dagens samfunnshus med ombygging og integrasjon til nybygg. Ulike behov og løysingar kan vurderast, og det kan leggjast fram fleire alternativ der lokale til ungdomsklubb, bibliotek og kafe er ein del av dette. Det skal gjerast faglege og kostnadmessige vurderingar av kinoløysing, som td antal salar, nybygg eller ombygging av dagens samfunnshussal mv.
3. Byggjenemnda kartlegg behov og knyter til seg representasjon frå brukarinteressene. Byggjenemnda knyter vidare til seg nødvendig ekspertise i arbeidet.



VOLDA KOMMUNE

4. *Planen skal vise heilskapleg prosjekt og synleggjere ev stegvis utbygging.*
5. *Romprogram med skisseprosjekt og kostnadskalkyle vert å leggje fram innan 01.11.18.*
6. *Kommunestyret vil vurdere samla eller delvis utbygging i samband med handsaminga av komande budsjett og økonomiplan.*

Handsaming:

Ordførar reiste spørsmål om Roald Espset sin habilitet. Han er sambuar med ein av grunneigarane i området, jf. fvl. § 6. 2. ledd. Roald Espset tok ikkje del i handsaminga og røystinga over spørsmål om habilitet.

Røysting habilitet:

Roald Espset vart kjent inhabil med seks røyster, to røysta imot (Dan Helge Bjørneset og Margrete Bjerkvik).

Ordføraren orienterte.

Røysting (åtte røysteføre):

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

Tilråding i formannskapet - 13.03.2018 til kommunestyret:

1. *Den kommunale byggjenemnda får i oppdrag å utarbeide romprogram og skisseprosjekt for kino og kulturhus i tilknytning til Volda samfunnshus. Arealet kan, om ein ser trong om det også omfatte «Barnepark-tomta» og «Driveklepphus-tomta»*
2. *Arbeidet skal inkludere lokalitetane i dagens samfunnshus med ombygging og integrasjon til nybygg. Ulike behov og løysingar kan vurderast, og det kan leggjast fram fleire alternativ der lokale til ungdomsklubb, bibliotek og kafe er ein del av dette. Det skal gjerast faglege og kostnadsmessige vurderingar av kinoløysing, som td antal salar, nybygg eller ombygging av dagens samfunnshussal mv.*
3. *Byggjenemnda kartlegg behov og knyter til seg representasjon frå brukarinteressene. Byggjenemnda knyter vidare til seg nødvendig ekspertise i arbeidet.*
4. *Planen skal vise heilskapleg prosjekt og synleggjere ev stegvis utbygging.*
5. *Romprogram med skisseprosjekt og kostnadskalkyle vert å leggje fram innan 01.11.18.*
6. *Kommunestyret vil vurdere samla eller delvis utbygging i samband med handsaminga av komande budsjett og økonomiplan.*



Roald Espset tok sete.

PS 43/18 Designvegen Sykkylven-Stryn - økonomisk støtte til deltagelse i prosjekt

Administrasjonen si tilråding:

Kommunestyret syner til søknad frå Sykkylven Næringsutvikling AS d.s. 17.12.2017 om økonomisk støtte til deltaking i prosjektet Designvegen Sykkylven —Stryn og vedtek å støtte prosjektet med inntil kr. 90.000,-. Kommunestyret føreset at den økonomisk støtta skal gå til organisering og tilrettelegging for næringslivet i nye Volda Kommune. Det vert også føresett halvårleg statusoppdatering på prosjektet.

Dekning: Omprioritering av midlar kontingent reiseliv 2018 kr. 90.000,- til tilskot «Designvegen».

Handsaming:

Røysting (ni røysteføre):

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

Tilråding i formannskapet - 13.03.2018 til kommunestyret:

Kommunestyret syner til søknad frå Sykkylven Næringsutvikling AS d.s. 17.12.2017 om økonomisk støtte til deltaking i prosjektet Designvegen Sykkylven —Stryn og vedtek å støtte prosjektet med inntil kr. 90.000,-. Kommunestyret føreset at den økonomisk støtta skal gå til organisering og tilrettelegging for næringslivet i nye Volda Kommune. Det vert også føresett halvårleg statusoppdatering på prosjektet.

Dekning: Omprioritering av midlar kontingent reiseliv 2018 kr. 90.000,- til tilskot «Designvegen».

PS 44/18 Næringsfondet(kraft)- Årsrapport 2017

Administrasjonen si tilråding:

Årsrapporten for Næringsfond(kraft) 2017 vert teken til vitende, slik den går fram av saksutgreiinga og vedlegg i denne saka.



Handsaming:

Røysting (ni røysteføre):

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

Tilråding i formannskapet - 13.03.2018 til kommunestyret:

Årsrapporten for Næringsfond(kraft) 2017 vert teken til vitende, slik den går fram av saksutgreiinga og vedlegg i denne saka.

PS 45/18 Dekking av kostnader ved skredfarevurdering

Administrasjonen si tilråding:

Formannskapet syner til søknad d.s. 30.01.2018 frå Byggmester Steinar Lande AS på vegne av tiltakshavar på Gbr 146/44 og Myragjerdet utvikling om dekning av kostnader til skredfarevurdering. Formannskapet vedtek å ikkje imøtekomme søknaden.

Handsaming:

Røysting (ni røysteføre):

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

Vedtak i formannskapet - 13.03.2018:

Formannskapet syner til søknad d.s. 30.01.2018 frå Byggmester Steinar Lande AS på vegne av tiltakshavar på Gbr 146/44 og Myragjerdet utvikling om dekning av kostnader til skredfarevurdering. Formannskapet vedtek å ikkje imøtekomme søknaden.

PS 46/18 Søknad om støtte til eit regionalt 8. mars arrangement

Administrasjonen si tilråding:



VOLDA KOMMUNE

Det er ikkje avsett midlar til denne type tiltak i budsjettet for 2016. Søknaden vert derfor ikkje imøtekommen.

Handsaming:

Gunnar Strøm kom med slikt framlegg:

Formannskapet finn å imøtekomme søknaden med eit tilskot på kr 5 000 med dekning frå formannskapet sin disposisjonspost.

Røysting (ni røysteføre):

Det vart røysta alternativt mellom framlegget frå Gunnar Strøm og tilrådinga frå administrasjonen. Tilrådinga frå administrasjonen fekk åtte røyster og vart vedteken, Gunnar Strøm røysta for alternativt framlegg.

Vedtak i formannskapet - 13.03.2018:

Det er ikkje avsett midlar til denne type tiltak i budsjettet for 2016. Søknaden vert derfor ikkje imøtekommen.

PS 47/18 Orienteringssaker

OS 30/18 Ny utlysing av riksvegssambandet Volda-Folkestad - Ny ferje og nye ruter frå 010120

OS 31/18 Referat styremøte Søre Sunnmøre IKT nr 1-2018

OS 32/18 Høyring - Borgundfjord og Veddemarkstunnen - Reguleringsforslag

OS 33/18 Presentasjon Rute 6 c: Rv 15 Måløy-Otta

OS 34/18 Møre og Romsdal fylkeskommune - Dei Nynorske festspela har fått innvilga treårig driftstilskot for 2018



VOLDA KOMMUNE

OS 35/18 Presentasjon Oddbjørn Vassli - "Fleire statlege arbeidsplassar i Møre og Romsdal"

OS 36/18 Høyring - omfanget av leveringspliktige posttenester - Høyringsfrist 06.04.2018

OS 37/18 Human-Etisk Forbund Søre Sunnmøre - Tilgjengelege livsynslokale for alle

OS 38/18 Offentleg tannhelseteneste - oppretthalding av tilbod

Handsaming:

Saka vart ettersendt 12.03.18.

Ordføraren orienterte om prosessen kring fylkeskommunens planar om ny organisering av tannhelsetenesta.

Roar Espset gjekk kl. 17.10.

Møtet slutt kl. 17.25

Rett utskrift,
Volda kommune, servicekontoret
14.03.2018

Sonja Håvik
førstekonsulent